



NVS RAPPORT 22/2018

*GPS-merkeprosjektet på
Hardangervidda og i Nordfjella:*

ÅRSMELDING 2017

Lena Romtveit
Anders Mossing
Olav Strand
Vegard Gundersen
Siri Bøthun
Ellen Korvald



Romtveit, L.¹, Mossing, A.², Strand, O.³, Gundersen, V.⁴, Bøthun, S. W.⁵ og Korvald, E.⁶ 2018. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2017. NVS RAPPORT 22/2018 26 s.

Framsidedfoto: © NINA ved Olav Strand

Norsk villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-2661 Hjerkin | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA

Skinnarbu 17.04.17

ISSN: 1891-5329

¹ Norsk villreinsenter Sør, Skinnarbu, 3660 Rjukan

² Norsk villreinsenter Sør, Skinnarbu, 3660 Rjukan

³ Norsk Institutt for naturforskning, Høggoleringen 9, 7034 Trondheim & Norsk villreinsenter Sør, Skinnarbu, 3660 Rjukan

⁴ Norsk Institutt for naturforskning, Varmstuguvegen 40, 2624 Lillehammer

⁵ Siri Bøthun Naturforvaltning, 6896 Fresvik

⁶ Buskerud fylkeskommune, Hauges gate 89, 3019 Drammen

Føreord

Denne årsmeldinga oppsummerer 2017 for GPS-merkeprosjektet for Hardangervidda og Nordfjella 2015-2022. Årsmeldinga gjev eit oversyn over aktiviteten i dei ulike arbeidsgruppene gjennom året, samt den samlande referansegruppas møte i året som gjekk.

Prosjektet har i tillegg til å vera ein sentral kunnskapsleverandør også blitt ein viktig og samlande arena for ei breitt representert fjell- og villreinforvaltning.

Prosjektleiinga ser fram til nye spanande og aktive år på forskingsfronten framover, og ynskjer gamle og nye aktørar velkomne med!

Lena Romtveit

Skinnarbu 17.04.18

Innhold

FØREORD	4
INNHALD	5
SAMANDRAG	7
INNLEIING	9
PROSJEKTAKTIVITET I 2017	10
Administrasjon og møteverksemd	10
Prosjektets organisering	11
Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7:	11
Arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg i Nordfjella:.....	11
Arbeidsgruppe 3) Ferdselskartlegging på Hardangervidda:	12
Arbeidsgruppe 4) Fokusområde og regionale planar:.....	12
Arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD:	13
Fagleg status delprosjekta	14
Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7	14
Arbeidsgruppe 2) Kraft og Anlegg i Nordfjella	14
Arbeidsgruppe 3) Ferdsel på Hardangervidda.....	14
Arbeidsgruppe 4) Regional plan og fokusområde	16
Arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD	17
Radiomerking og datainnsamling i 2017	17
ØKONOMI	18
Oversyn inntekter 2017	18
Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7	18
Arbeidsgruppe 2) Kraft og Anlegg i Nordfjella	18
Arbeidsgruppe 3) Ferdsel på Hardangervidda.....	19
Oversyn utgifter 2017	20

NVS RAPPORT 22/2018

Oppsummering:	22
PROSJEKTAKTIVITET I 2018	23
Budsjett og søknadar 2018	24
Merking vinteren 2018	26
REFERANSAR	27
VEDLEGG	27

Samandrag

GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella starta opp att i 2015/2016. Prosjektet bygger på ei vidareføring av overvakinga av villrein og Rv7, men har fått ei større overbygging med ny referansegruppe i leiinga og fleire mindre delprosjekt under seg. Delprosjekta fordeler seg på;

- Overvaking av Rv7
- Kraft og anlegg i Nordfjella
- Ferdskartlegging på Hardangervidda
- Fokusområde og regionale planar
- Oppfølging av merka dyr i felt og skrantesjuka

I 2017 er det halde eitt møte i referansegruppa.

Det blei merka 14 dyr på Hardangervidda i 2017 og 15 dyr i Nordfjella, derav 5 satellittsendarar på bukk i Nordfjella.

I Nordfjella har fokuset vore sterkt på arbeidet med saneringa av villreinstamma i Sone 1, der CWD blei påvist på villrein i samband med GPS-merking i 2016. Instrumenterte dyr har hatt ein sentral funksjon for dette arbeidet, både for å lokalisere dyr innom Sone 1, men også for å halde kontroll med at det ikkje skjer utveksling av dyr til Sone 2, tamreinområdet i Filefjell eller Hardangervidda. Arbeidet med overvakinga av villreinen i samband med revisjonsarbeida til regulantane i Nordfjella er elles gått som planlagt.

I ferdelsesprosjektet på Hardangervidda er det i 2017 gjort eit stort arbeid med både teljarar ute langs mykje bruka stiar sentralt på vidda og innfallsportar, samt svarkasser knytt til innfallsportane. Det blei i 2017 også initiert eit arbeid med to nye arbeidspakker rundt fokusområdet Rv7, som starta opp i 2018. Dette går på registrering av parkerte bilar langs med-, og aktivitet ut ifrå Rv7 vinterstid, og meir finmaska undersøkingar av ferdsla ut ifrå Rv7 sommarstid.

Rulleringsarbeidet for Regional plan for Hardangervidda blei påbyrja i 2017 og koplinga til GPS-merkeprosjektet og særleg delprosjektet på ferdsel er viktig i dette arbeidet. Det er i 2017 utarbeidd ei digital kartforteljing på www.villrein.no om reinens bruk av Hardangervidda, med fokus på dei ulike funksjonsområda og aktuelle fokusområde, der reinens arealbruk står i konflikt med ulike bruksinteresser. Det blei også halde eit ope dialogseminar om Lufsjåtangen, som eit førebuaende arbeid til rulleringsarbeidet, der ulike brukarinteresser, påverkningsfaktorar på villreinen og moglege løysingar blei definert. Resultatet er å finne i NINA Rapport 1362.

GPS-data frå villreinen på Hardangervidda har på same måten som dei føregåande åra, vore viktig i samband med gjennomføringa av tiltak i jakta, med oppretting av fredingssoner i nokre sentrale korridorar. I 2017 hadde ein det siste av totalt 5 år med fredingssoner i så å seie same form. Ordninga blei evaluert av Hardangervidda villreinutval etter jakta 2017, og vil få nokon justeringar til jakta 2018.

Økonomisk hadde prosjektet med seg eit underskot inn i 2017 (totalt minus kr 820.611,88) frå åra 2015 og 2016, som var gått med til investeringar i merking i både område, oppstart av arbeidet i Nordfjella og investeringar i utstyr til ferdselsregistrering på Hardangervidda. Dette er retta opp att i 2017, slik at ein ved inngangen av 2018 har eit lite overskot på kr 36.581,- for heile prosjektet samla. Trass i at både delprosjekt 2) Kraft og Anlegg i Nordfjella og delprosjekt 3) Ferdsel på Hardangervidda hadde kvar sine underskot på minus kr 47.713 og minus kr 16.860. Underskota i kvart av delprosjekta vil bli ytterlegare justert for i dei komande åra i prosjektet.

Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) ved Olav Strand går vidare med den faglege leiinga av prosjektet. Leiar for referansegruppa er Even Knutsen frå Fylkesmanen i Buskerud. Norsk villreinsenter Sør, er sekretariat for prosjektet. Det er Lena Romtveit og Anders Mossing som har ansvar for dette arbeidet.

Prosjektet har brei deltaking med dei fleste av dei store aktørane i forvaltningsbiletet på Hardangervidda og i Nordfjella representert. Prosjektet har dermed blitt ein særskild viktig samlingsarena for både bestands- og arealforvaltninga for desse fjellområda.

Innleiing

GPS-merking av villrein på Hardangervidda starta i 2001 då ein ynskte å sjå på reinens forhold til Rv7. Dette prosjektet gjekk ut 2006 og resulterte mellom anna i rapportane *Rv7-tunneler på Hardangervidda* (Bevanger m.fl. 2005) og *Reinens bruk av Hardangervidda* (Strand m.fl. 2005). I mellomtida fekk ein i 2003 også eit stortingsvedtak om eit stengingsregime for vegen vinterstid for å sikre reinens moglegheit for kryssing. Dette medførte at ein måtte halde fram med å overvake villreinen med bruk av GPS-sendarar. Ein blei raskt samde om å samle seg om eit nytt prosjekt i 2007 for å nytte denne anledninga til å sjå nærare på fleire problemstillingar som kom opp i det fyrste prosjektet. Denne gongen tok ein også med Nordfjella for å betre å kunne kartlegge reinens arealbruk i kvart av områda og mellom desse; frå Rv7 til Bergensbanen (administrativt ligg dette område under Hardangervidda). Parallelt har det også gått tilsvarande prosjekt i Setesdalsheiane; eitt frå 2007 til 2010 for både Setesdal Aust- og Vesthei (Strand m.fl 2011) og eit nytt som heldt fram i Setesdal Vesthei 2012-2017. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella har hatt fleire fellesmøte med prosjekta i Setesdalsheiane for å drøfte parallelle problemstillingar på tvers av områda. Det siste prosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella blei avslutta i 2014, med årsmeldingar for kvart år (Romtveit, L. 2010, 2011, 2012, 2013, 2014 og 2015) og rapportane *Veger og villrein: Oppsummering – overvåkning av Rv7 over Hardangervidda* (Strand m.fl 2015) og *Fragmentering og villrein* (Nilsen og Strand 2017). Overvakings- og stengingsregimet for Rv7 av omsyn til villreinen er vedteke å halde fram enn så lenge, sjølv om vegen dei komande åra ikkje vil bli stengt, som følgje av situasjonen med CWD i Nordfjella. Dermed fortset også overvaking av villreinen i forhold til Rv7 med bruk av GPS-sendarar. Det er som tidlegare Statens Vegvesen som står for finansieringa av denne overvakinga. Med bakgrunn i dette ynskte den tidlegare styringsgruppa å vidareføre møtearenaen desse prosjekta har representert som ei samlande referansegruppe. Dessutan ville dei organisere aktuelle prosjekt som brukar GPS-data frå rein frå Hardangervidda og Nordfjella under denne overbygninga. Styringsgruppa frå det siste prosjektet blei dermed i eit eige møte samde om at ein vidarefører møtearenaen, med i hovudsak dei same instansane og representantane. No som ei samlande referansegruppe for det overbyggande GPS-merkeprosjektet (tabell 1). Under denne er ulike delprosjekt organisert med eigne arbeidsgrupper. Felles for desse er at alle arbeider med kunnskapsinnhenting for sine tema med utgangspunkt i GPS-data frå villrein.

Tabell 1: Oversyn over medlemmene i den overbyggande referansegruppa for GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella i perioden 2015-2022.

Samlande referansegruppe:	
Instans:	Representant:
NINA	Olav Strand (fagleg leiar)
Norsk Villreinsenter Sør	Lena Romtveit (sekretariat)
Fylkesmannen i Buskerud	Even Knutsen (leiar)
Miljødirektoratet	Erik Lund
Vegdirektoratet - Miljøseksjonen	Pål Rossland
Vegdirektoratet -Miljøseksjonen	Karianne Thøger Haaverstad/Håvard Hjernstad-Sollerud

Vegdirektoratet -Nasjonal Turistveg	Therese Ruud
NVE	Jan Henning L'Abée-Lund
NVE	Frode Johansen
Hardangervidda Villreinutval	Henning Poulsson
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet	Endre Læg Reid
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet	Martine Hamnes
Buskerud Fylkeskommune	Ellen Korvald
Nordfjella Villreinutval	Sigmund Tveitehagen
Nordfjella Villreinutval	Harald Skjerdal
Villreinnemnda for Nordfjella	Siri Bøthun
Villreinnemnda for Nordfjella	Per Aksel Knudsen
SNO	Lars Inge Enerstvedt
SNO	Petter Bråten
Vassdragsregulantane	Bjørn Otto Dønnum (E-CO)
Kommunane	Felles representant ikkje valt
DNT	Jan Erik Reiten/ Anne Marie Amelfot Hjelle

Prosjektaktivitet i 2017

Administrasjon og møteverksemd

I 2017 har det berre vore eitt møte i den overbyggande referansegruppa. Dette blei halde på Geilo den 12. desember, med stort frammøte; totalt 28 representantar frå totalt 20 ulike instansar.

Tema for møtet var gjennomgang av status for nokre delprosjekta, samt orientering om ein del sentrale arbeid som går parallelt og i tett samarbeid med GPS-prosjektet.

Vegdirektoratet og Miljødirektoratet orienterte om statusen for overvakings- og stengingsregimet i ljøs av CWD-utfordringa i Nordfjella. Statens vegvesen ved Turistvegseksjonen orienterte også om statusen for arbeidet med oppgraderinga av Nasjonal turistveg over Hardangervidda og Rv7. Arbeida her er naturleg å sjå i samanheng med både Besøksstrategiarbeidet for verneområda på Hardangervidda og verdiskapingsprosjektet «Velkommen til villreinfjellet». Dei to sistnemnte blei også orientert om i møtet, og alle desse ulike prosessane har som fellesnemnar at dei dei bygger på kunnskap frå GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og delprosjektet om Ferdsl på Hardangervidda.

Vegard Gundersen orienterte om arbeidet i Ferdslsprosjektet og planane framover. Siri Bøthun orienterte om arbeidet i delprosjektet om Kraft og Anlegg i Nordfjella og korleis dei i dette delprosjektet arbeider med å etablere ein metode for samarbeid, som kan nyttast som «beste praksis» i liknande saker villreinfjella framover. Lars Nesse gav forsamlinga eit oversyn over koordineringsarbeidet mellom kommunane og sentrale myndigheter i arbeidet med handteringa av skrantesjuken på villrein i Nordfjella. Olav Strand orienterte om kva som var gjort av merking så langt i prosjektet, samt kva som var planane for vinteren. Lena Romtveit orienterte om økonomistatusen og søknadane i prosjektet.

Prosjektets organisering

Prosjektet har ei organisering med GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda som hovudprosjekt og den overbyggande referansegruppa som «styre» (tabell 1). Under dette er det organisert ulike tematiske delprosjekt, med eigne arbeidsgrupper som vist under. Alle arbeidsgruppene rapporterer årvisst til Referansegruppa i fellesmøte. Gruppene har ulik grad av aktivitet og organisering.

Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7:

Denne arbeidsgruppa har sitt utspring i overvakinga av villreinen i forhold til Rv7, som er nedfelt i eige stortingsvedtak og har vore berebjelken i GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda sidan oppstarten i 2001. Dette er ei arbeidsgruppe som styrast av Statens Vegvesen (SVV) og Miljødirektoratet (MID), som har kontinuerleg kontakt med Statens Naturoppsyn (SNO) vedr. stenging av vegen etter eige driftsregime, dersom reinen kjem innom visse soner. Dette er ei arbeidsgruppe som også er å rekne for hovudstamma av prosjektet, då i hovudsak all finansiering av GPS-merkinga i prosjektet finansierast gjennom desse bidragsytarane (tabell 2).

Tabell 2: Budsjett og bidragsytarar arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7:

Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7		
Bidragsytar:	Budsjett kr:	Kommentar:
Statens Vegvesen:	593.127,-	Midlar til merking og drift av inntil 20 GPS-sendarar per år.
Miljødirektoratet:		
SUM 2017:	593.127,-	

Arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg i Nordfjella:

Denne arbeidsgruppa har sitt utspring i revisjonsarbeid på fleire damanlegg, samt moglege kraftutbyggingsprosjekt i Gravdalen i Nordfjella villreinområde. I samband med vedtak om revisjonsarbeid og utbyggingssaker har NVE pålagt aktuelle regulantar å bidra med økonomisk støtte til GPS-merking av rein i Nordfjella, for å fylgje utviklinga gjennom anleggsperioden. Etter kvart er det blitt klart at det berre er dam-rehabiliteringsprosjekta til E-Co som skal gjennomførast i denne omgang og at det dermed berre er dei som er inne med finansiering i fyrste omgang. I tillegg er NVE representert i arbeidsgruppa. I 2017 blei store delar av merkekostnadane i Nordfjella, og dermed til dette delprosjektet, dekt av Miljødirektoratet som følgje av merkebehovet knytt til CWD-situasjonen i Nordfjella (tabell 3).

Tabell 3: Budsjett og bidragsytarar arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg i Nordfjella:

Arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg i Nordfjella		
Bidragsytar:	Budsjett kr:	Kommentar:
E-Co:	220.000,-	
NVE:		
Miljødirektoratet:	510.000,-	
SUM 2017:	730.000,-	

Arbeidsgruppe 3) Ferdelskartlegging på Hardangervidda:

Denne arbeidsgruppa har eiga fagleg leiing av Vegard Gundersen (NINA), men ligg organisert under GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella, som dei andre arbeidsgruppene.

Ferdelsundersøkingar på Hardangervidda er eit lenge etterspurt tema og arbeidsgruppa har ei brei samansetting, då temaet er relevant for så å seie alle aktørane rundt vidda.

Tabell 4: Samansetting og finansiering arbeidsgruppe 3) Ferdelskartlegging på Hardangervidda 2017:

Arbeidsgruppe 3) Ferdelskartlegging på Hardangervidda		
Bidragstytar:	Kr:	Kommentar:
Besøksstrategi Hardangervidda	100.000	
Fylkesmannen i Buskerud	80.000	
Fylkesmannen i Hordaland	52.000	
Fylkesmannen i Telemark	0	
Handlingsprogramma Regional Plan	300.000	Eigongsløyving. Midlar frå prosjekt «H7 Fritidsbruk» jf «Regionalplan Hardangervidda -Statusrapport 2016. Handlingsprogram 2017-2020» s.7.
Buskerud Fylkeskommune	100.000	
Telemark Fylkeskommune	100.000	
Hordaland Fylkeskommune	100.000	
Hardangervidda Villreinutval		
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet	29.297	
Statens Vegvesen, Miljøseksjonen		
Vinje kommune	25.000	
Odda kommune	25.000	
Ullensvang herad	25.000	
Eidfjord kommune	25.000	
Ulvik herad	25.000	
Hol kommune	25.000	
Nore- og Uvdal kommune	25.000	
Rollag kommune	10.000	
Tinn kommune	25.000	
DNT	25.000	
Miljødirektoratet	250.000	
SUM 2017:	1.346.297,-	

Arbeidsgruppe 4) Fokusområde og regionale planar:

Denne arbeidsgruppa har sitt utspring i at handlingsprogramma frå dei regionale planane hhv på Hardangervidda og i Nordfjella har initiert fleire villreinrelaterte prosjekt. Fleire av desse ser fordelar av å

vera ein del av eit støre overbyggande prosjekt på villrein og ein har difor søkt handlingsprogramma om deltaking i og økonomisk støtte til dette overbyggande GPS-merkeprosjektet. Nokre av midlane går direkte inn i hovudprosjektet, synt i tabell 5, medan andre går inn i delprosjekt 3) Ferdelskartlegging på Hardangervidda (tabell 4). For å sikre at desse prosjekta frå handlingsprogramma får ynskt fokus og samgang med andre relevante tema er det difor oppretta eiga arbeidsgruppe for dette.

Tabell 5: Budsjett og bidragsytarar arbeidsgruppe 4) fokusområde og regionale planar:

Arbeidsgruppe 4) Fokusområde og regionale planar		
Bidragsytar:	Budsjett kr:	Kommentar:
Buskerud Fylkeskommune	200.000,-	Eigne midlar gjennom Handlingsprogramma til Regionalplan. Vil delvis kunne inngå i «Arbeidsgruppe 3) Ferdelskartlegging», jf. «Regionalplan Hardangervidda -Statusrapport 2016. Handlingsprogram 2017-2020».
Fylkesmannen i Buskerud		
SUM 2017:	200.000,-	

Arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD:

Denne arbeidsgruppa har sitt utspring i to ting:

- 1) Ny forskrift om forsøksdyr (omhandlar også GPS-merking av rein) krev no i støre grad oppfølging av dei merka dyra i felt, for å redusere risikoen for uynskte hendingar.
- 2) I 2016 oppdaga tre tilfelle av skrantesjuke hjå villrein i Nordfjella, samt to tilfelle på elg i Trøndelag. Dette er ein heilt ny situasjon i Noreg som krev ekstraordinære tiltak og handling. Då GPS-merkeprosjektet på villrein i utgangspunktet samlar mange av dei sentrale aktørane også for skrantesjukeproblematikken, har ein i dette prosjektet valt å nedsette ei eiga arbeidsgruppe som sikrar samgangen mellom overvakinga av merka dyr i felt og prøveinnsamling til arbeidet med skrantesjuke.

Statusen for denne arbeidsgruppa er i dag at desse oppgåvene handterast direkte av Mattilsynet og Miljødirektoratet, samt NINA og SNO under eigne instruksar, mellom anna for bruk og oppfølging av forsøksdyr. Gruppa er soleis per i dag ikkje aktiv i dette prosjektet, men fleire av aktørane er representert i Referansegruppa for det overbyggande hovudprosjektet.

Tabell 6: Budsjett og bidragsytarar arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr og CWD:

Arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr i felt og skrantesjuke		
Bidragsytar:	Budsjett kr:	Kommentar:
NINA		Organisering og finansiering gjennom Miljødirektoratet og Mattilsynet.
SNO		
SUM per år:		

Fagleg status delprosjekta

Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7

Trass i at vedtaket om overvaking av reinen i høve til Rv7 står ved lag, er stengingsregimet for vegen midlertidig under ein endra instruks, som fylgje av skrantesjukeproblematikken i Nordfjella. Det er per i dag ikkje aktuelt å stenge vegen for at villrein skal krysse, men dette blir vurdert kontinuerleg etter som situasjonen med skrantesjuke utviklar seg. Det er Miljødirektoratet og Vegdirektoratet som handterer dette i samråd med Mattilsynet, Veterinærinstituttet, SNO og NINA.

Arbeidsgruppe 2) Kraft og Anlegg i Nordfjella

Oppsummering av aktivitet i arbeidsgruppa, ved sekretær Siri W. Bøthun.

Vårmøte for 2017 vart halde i Vassbygdi 6. april. Det vart gjeve ei grundig gjennomgang av arbeidsplanane ved Vargevatnet inkl. steinbrot og tilpassingar/avbøtande tiltak. Viktig avbøtande tiltak er stenging av veg for allmenta vart diskutert. Det var einigheit om å nytte same modell for dialog mellom anleggsarbeidet og fjelloppsynet som i 2016. Elles vart det orientert om pågåande forskning der GPS-datasettet vert nytta. Tema skrantesjuke vart og teke opp, då dette vert så gjennomgripande at det er viktig å vere oppdatert for alle som arbeidar med problemstillingar knytt til villrein i Nordfjella framover.

Hovudprosjektet for 2017 var rehabilitering av to dammar på Store Vargevatn. Det vart etablert steinbrot i form av brottjern i nærleiken av dammane, der ein kunne nytte eksisterande anleggsveg for transporten av stein.

Viktigaste avbøtande tiltak i høve rein var at anleggsvegen vart stengd for allmenn ferdsel i vekedagane, også på strekning før sjølve anleggsområdet. For å skydde ei alternativ trekkroute forbi anleggsområdet, som er skjerma frå anleggsarbeidet gjennom terrengforma, vart anleggsvegen avstengd snart etter avkjørsla frå hovudvegen (Fv 50). Strekinga fram til naudsynt stogg før steinbrotet var open i helgane, medan arbeidet sto i ro, av omsyn til at vegen normalt vert nytta til tilkomst til fiskevatn og jaktterreng for lokale.

Dialogane mellom prosjektansvarleg for arbeid og fjelloppsynet i Aurland fjellstyre fungerte godt. Det oppstod ikkje konflikhtar mellom rein og anlegg dette året, og det var låg bruk av dyra i fjella i direkte nærleik, sett i høve til eit snittår. Prosjektlear tok ut direktetids-GPS-plott frå tenesta Dyreposisjonering i forkant av sprengingsarbeid og anna støyande aktivitet for å trygge at det var avstand til dyra.

Fjelloppsynet vart og varsla ved desse høva. Sekretær for arbeidsgruppa her motteke utfylt loggskjema og kopi av e-post-dialogar mellom fjellstyre og prosjektlear for arkivering.

Det kryssa ein einsleg bukk gjennom anleggsområdet ved lunsjtider ein dag med dårleg vær og tåke, medan arbeidarane sat inne i varmebrakkka. Lat oss sjå det som ei lita helsing.

Arbeidsgruppe 3) Ferdsel på Hardangervidda

Oppsummering av aktivitet i delprosjektet, ved fagleg leiar Vegard Gundersen.

Pilotprosjektet som ble gjennomført i 2016, med 25 tellere og utprøving av spørreskjema Tinnhølen, dannet grunnlaget for registreringene i 2017. Data fra hele Hardangervidda er samlet inn i 2017 med hovedmetoder automatiske tellere og svarkasser med spørreskjema.

Vinteren 2017 ble 17 tellere utplassert med snøskuter i samarbeid med SNO langs stikka skiløyper på de østlige delene av vidda i perioden februar til ut april. Tellingene ga data, men det var problemer med lite snø og tidlig avsmelting. Dataene viser at det er relativt lite ferdseil på løypene før påske, men det varierer stort mellom løypene. I påsken er det stor trafikk, mens trafikken er på et veldig lavt nivå etter påske. Tellingene av skiløyper på stikka løyper skal videreføres og ha et større omfang vinteren 2018.

NINA utarbeidet prosjektbeskrivelsen våren 2017. Samtidig med dette gjorde NINA litteratursøk, og skaffet oversikt over relevant statistikk fra turisthytter, bomveger og båtferjer. I slutten av juni utplasserte NINA svarkasser og tellere på 34 innfallspor rundt hele Hardangervidda (37 svarkasser og 28 tellere). Svarkassene inneholder et lite spørreskjema med nøkkelinformasjon om brukeren, turen de er på og preferanser for naturmiljø. I tillegg ba vi respondenten om å skrive ned epostadressen sin og tegne ned turruten på kartet på baksiden. Epostene blir brukt til en fordypende etterundersøkelse vinteren 2018. Nedtegnelsene av turrutene blir digitalisert og skal sammen med telldata beskrive ferdseilen av hele vidda i såkalte intensitetskart som lages dag for dag. I tillegg ble det utplassert 45 tellere og 6-7 sykkel/biltellere sentralt på vidda, noen av disse står imidlertid nær innfallsporene. Sykkel- og biltellere er et prøveprosjekt, NINA hadde problemer med å få de til å skille mellom kjøretøy og sykler. Alle tellere og svarkasser sto ute i perioden ca. 26. juni til 1. oktober (midten av oktober for de på sentralvidda), og det var ettersyn av svarkasser og tellere på innfallsporene gjennom sommeren. NINA gjennomførte i tillegg observasjonsstudier i en del lokaliteter for å få oversikt over ferdseilen, spesielt gjaldt dette langs Rv7 og E134. I oktober 2017 ble i tillegg 5 tellere etablert for å måle ferdseilen gjennom hele året (på steder som brukes både sommer og vinter).

NINA holder nå på med å fremstille og analysere dataene fra sommeren, og gjennomføring av den fordypende etterundersøkelsen ble gjort mars 2018. Det skal lages oppsummerende dokumentasjonsrapporter som viser oversikt over dataene. Disse vil bli ferdigstilt til neste møte i styringsgruppa for ferdseil i GPS merkeprosjektet, og er planlagt publisert rett etter sommersesongen 2018. Dokumentasjonsrapportene er ment som et oppslagsverk, der man lett kan finne data/kunnskap om ulike lokaliteter på Hardangervidda, og danner samtidig grunnlaget for de videre ferdseils-villrein- og besøksstrategi-analyser av dataene.

I 2018 skal vi supplere dataene fra 2017, med tellere og svarkasser. I et arbeidsmøte for ferdseilprosjektet 12. februar 2018 ga mange aktører innspill til lokaliteter for å måle ferdseil i 2018. Vi arbeider også med å få etablert to viktige fokusområdestudier: 1) Detaljert kunnskap om parkering langs Rv7 ferdseil ut fra vegen vinterstid med finansiering av Statens Vegvesen, 2) Detaljert kunnskap om ferdseil ut fra Rv7 sommerstid, som et viktig grunnlag for arbeidet med Rv7 som nasjonal turistveg. I sistnevnte er finansieringen tenkt som et spleiselag mellom besøksstrategien for HV, Miljødirektoratet og Statens Vegvesen avd. Nasjonale turistveger.

Arbeidsgruppe 4) Regional plan og fokusområde

Oppsummering av aktivitet i arbeidsgruppa, ved Ellen Korvald.

Regional plan for Hardangervidda

Regional plan for Hardangervidda ble vedtatt i 2011. Etter dette er Hardangerviddarådet etablert og flere av handlingsprogrammets oppfølgingsprosjekter er gjennomført. Fra arbeidet i 2017 nevner vi:

- Villreins arealbruk ble avsluttet med etablering av nettsiden [Kartfortellinger](#). Prosjektet ble gjennomført av NINA, i samarbeid med NVS.
- Lufsjåtangen: Dialogseminar om Lufsjåtangen som ble gjennomført i mai 2017. Rapportering foreligger i form av NINA-Rapport 1362, [Lufsjåtangen og villrein](#).

Prosjektet kartlegging av fritidsbruk og opplevelser gjennomføres nå som ledd i et større ferdselsprosjekt med mange samarbeidende aktører (Arbeidsgruppe 3) Ferdsel på Hardangervidda, red. anm.). NINA er ansvarlig.

Den regionale planen skal nå rulleres. Planprogram som gir rammer for arbeidet, ble utarbeidet i 2017 (sluttbehandlet i Telemark og Buskerud fylkeskommuner i november/desember, og forventet sluttbehandlet i Hordaland 1. februar 2018). Det meste av gjeldene plan forventes videreført. Men enkelte konkrete arealer og definerte problemstillinger vil bli drøftet i rulleringen. Målsettingen er å fullføre rullering innen sommeren 2019. Hardangerviddarådet leder planprosessen fram mot sluttbehandling i de tre fylkestingene.

Regional plan for Nordfjella

Regional plan for Nordfjella ble vedtatt i 2014. Som en oppfølging av dette er Nordfjellrådet etablert. Aktiviteter i 2017 var:

- Dialogmøte med NVE om mulighetene for å gjennomføre et prosjekt om villrein i villkårsrevisjoner. Dette er foreløpig ikke etablert.
- To større møter i Nordfjellrådet, som ble gjennomført i samarbeid med Hardangerviddarådet. Hovedtema i begge møtene var informasjon om CWD/skrantesjuka.

Øvrige handlingsplanprosjekter er inntil videre stilt i bero pga. skrantesjuka i området.

Villreinfjellet som verdiskaper

Buskerud fylkeskommune søkte på vegne av Hardangerviddarådet og Nordfjellarådet Miljødirektoratet om midler til et felles prosjektet, «Velkommen til villreinfjellet». Forprosjektet skal gjennomføres i 2018, og vil skje i samarbeid med Nore og Uvdal kommune sitt prosjekt «Tettere på villreinfjellet».

Målsettingen er å bygge villreinfjellet som merkevare og gjennom det gi grunnlag for verdiskaping på og rundt Hardangervidda og Nordfjella. Samtidig er det et mål om miljømessig verdiskaping ved å ivareta og forbedre livsvilkårene for villreinen. Tiltakene skal være rettet mot å tilrettelegge for å oppleve villreinfjellet ved «å se inn i det» og ved å kanalisere ferdsel utenom de mest sårbare områdene.

Prosjektansvaret ligger i Buskerud fylkeskommune, men det er forutsatt tett samarbeid med en rekke samfunnsaktører. Villreinsenteret vil bli en svært viktig medspiller.

Arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD

Denne arbeidsgruppa har så langt ikkje vore aktiv som del av prosjektet, då oppgåvene knytt til handteringa av CWD løysast av Mattilsynet og Miljødirektoratet direkte. Oppfølging av merkte dyr i felt, også som eit ledd i handteringa av CWD i nasjonal skala, koordinerast i dag direkte og sjølvstendig av NINA og SNO.

Radiomerking og datainnsamling i 2017

På Hardangervidda reknar ein med at ved ein bestand på 6 – 12 000 dyr vil få ein rimeleg sikker dokumentasjon på stammas arealbruk med å ha mellom 10 og 20 GPS-sendarar i drift. Ein merka totalt 14 dyr på Hardangervidda i 2017 og i desember var det totalt 16-17 GPS-sendarar i drift. Merkinga var særst effektiv og gav dermed relativt låge kostnader dette året (ca. kr. 30-40.000 per dyr).

Det blei GPS-merka totalt 15 nye dyr i Nordfjella i samband med CWD-arbeidet. Ein har i 2017 hatt stor nytte av merka dyr både i sone 1, med tanke oppfølginga av saneringsarbeidet der, samt i sone 2 med tanke på å følgje opp reinen i dette området i forhold til smitte, utveksling osv. Parallelt har det også vore viktig at merkinga på Hardangervidda er oppretthalden med tanke på å kunne følgje med på og kontrollere ev. trekkaktivitet opp mot Nordfjella.

Merkinga i Nordfjella gjekk greitt, men kosta litt meir enn normalt, då ein ikkje hadde tid til å vente på godt ver og gode merkeforhold slik ein elles gjer. Av dei merka dyra blei det også sett på totalt 5 satellittsendarar på bukk. Det er aktuelt å sette på fleire slike satellittsendarar både i Sone 2 i Nordfjella og på Hardangervidda, som følgje av at det er fleire område i både desse områda (opp mot Rv7 på Hardangervidda) som har dårleg mobildekning. I skrivande stund er det i Nordfjella Sone 1 gjort ei utskifting av sendarar og merka dyr vinteren 2018. Bakgrunnen for dette er at det oppstod eit problem med ising på sendarane i dette området, noko som gjorde at desse sendarane måtte tas av ved drop-off, eller uttak av dyret i dei tilfella dropoff-funksjonen ikkje virka. Dette gjaldt alle dei 5 merka dyra i dette området, som alle hadde varierende grad av ising på batteripakka. Etter dette er nye dyr merka med satellittsendarar i Sone 2, men no i regi av Miljødirektoratet ved SNO. Denne merkinga er då ei såkalla forvaltingsmerking og går utanom vilkåra knytt til bruk av forsøksdyr, slik NINA sine merkeløyve er gitt. Grunnen til at remerkinga blei gjennomført på denne måten i Sone 2 var at det hasta å få på plass nye sendarar i området for å sikre overvakinga av dyra i samband med CWD-handteringa og før det leid for langt på vinteren (mtp. drektige simler og føreforhold for merking).

I samband med CWD-arbeidet i Nordfjella er det også merka hjort i randområda mot Nordfjella villreinområde.

Økonomi

Statens vegvesen held fram med å finansiere merking og drift av inntil 20 sendarar på Hardangervidda til ei kvar tid. Nokre av desse vil bli sett på dyr i området mellom Rv7 og Bergensbanen. Så langt har ein her i hovudsak berre hatt Nordfjelladyr. I Nordfjella er merkinga vidareført med bakgrunn i pålegg frå NVE til regulantane om overvaking i samband med revisjonsarbeid på kraftanlegga i fjellet. Merkinga her vil difor måtte finansierast av desse. I tillegg både finansierer og instrumenterer Miljødirektoratet ein del dyr, som oppfølging av arbeidet med handteringa av CWD på villrein i Nordfjella. Utover merking og drift av radiosendarane må dei resterande kostnadane for delprosjekta i GPS-merkeprosjektet skaffe annan finansiering.

Oversyn inntekter 2017

Organiseringa med eit stort overbyggande prosjekt over fleire relativt store delprosjekt, medfører mykje økonomi totalt sett. Nokre av delprosjekta går i pluss og nokre svakt i minus. Jamfør tabell 7-13 har det overbyggande GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella difor med seg eit samla overskot på kr 36.581,- inn i 2018 (tabell 13). Inntektene til Nordfjella frå E-Co for 2016 blei ført på 2017. Økonomien i prosjektet er vidare presentert for kvart delprosjekt:

Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7

Dette er grunnstamma i prosjektet, då midlane frå Statens vegvesen til instrumentering og årleg drift av sendarar på inntil 20 dyr, går inn her. I 2017 er bidraget frå Statens vegvesen kr 593.107,- (tabell 7). I rekneskapsrapporten for 2017 er det også ført kr 200.000,- her, frå Buskerud fylkeskommune. Dette er midlar som går under arbeidsgruppe 4) Regionale planer og fokusområde, men som blir ført på det same hovudprosjektet.

Tabell 7: Inntekter til hovudprosjektet (administrert under Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7 og Arbeidsgruppe 4) Regionale planer og fokusområde) i 2017.

Hardangervidda 12473000	Inntekt:
Statens vegvesen	593 107,00
Buskerud fylkeskommune	200 000,00
Underdekning overført frå 2016	-303 780,00
Total inntekt 2017	489 327,00

Arbeidsgruppe 2) Kraft og Anlegg i Nordfjella

Dette delprosjektet skal i utgangspunktet driftast med midlar frå lokale vassdragsregulantar i Nordfjella, etter pålegg frå NVE i samband med revisjonsarbeid på ulike damanlegg i området. I 2017 er inntektene frå desse til saman kr 220 000,- (tabell 8) for hhv 2016 og 2017. I tillegg blei det i 2017 tilført betydelege summar (totalt kr 501.561,-) til instrumentering av dyr i dette området, frå Miljødirektoratet (tabell 8), i samband med handteringa av CWD på villreinen her.

Tabell 8: Inntekter til delprosjektet i Nordfjella i 2017, administrert av Arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg i Nordfjella

Nordfjella 12473010	Inntekt:
Miljødirektoratet	501 561,00
E-Co	220 000,00
Total inntekt 2017	721 561,00

Arbeidsgruppe 3) Ferdsl på Hardangervidda

Ferdslsprosjektet er det delprosjektet med breiast finansiering og flest aktørar. Dette delprosjektet leverer kunnskapsgrunnlag til fleire forvaltingsprosessar som no er i gang rundt Hardangervidda og desse er alle sentrale bidragsytarar til finansieringa. I 2017 er inntektene frå desse til saman kr 1.346.279,- (tabell 9).

Tabell 9: Inntekter til delprosjektet med ferdslsregistreringar i 2017, administrert av Arbeidsgruppe 3) Ferdsl på Hardangervidda.

Ferdsl 12473020	Inntekt:
Besøksstrategi Hardangervidda	100 000
Fylkesmannen i Buskerud	80 000
Fylkesmannen i Hordaland	52 000
Fylkesmannen i Telemark	0
Handlingsprogramma regional plan	300 000
Buskerud Fylkeskommune	100 000
Telemark Fylkeskommune	100 000
Hordaland Fylkeskommune	100 000
Hardangervidda villreinutval	
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, via FMBu	29 279
Statens vegvesen, Nasjonal Turistvegseksjonen	
Statens vegvesen, Miljøseksjonen	
SNO og andre som bidreg med feltarbeid/datainnsamling	
Vinje kommune	25 000
Odda kommune	25 000
Ullensvang herad	25 000
Eidfjord kommune	25 000
Ulvik herad	25 000
Hol kommune	25 000
Nore- og Uvdal kommune	25 000
Rollag kommune	10 000
Tinn kommune	25 000
Den Norske Turistforening	25 000

NVS RAPPORT 22/2018

NVE	
Miljødirektoratet	250 000
Total inntekt 2017	1 346 279,00

Inntektene til Arbeidsgruppe 4) Regionale planer og fokusområde, er som vist over ført på hovudprosjektet administrert av Arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7 (tabell 7). Medan Arbeidsgruppe 5) CWD og oppfølging av merka dyr i felt, per i dag ikkje er i drift som aktiv del av dette prosjektet.

Oversyn utgifter 2017

Utgiftene til prosjektet i 2017 fordelar seg i hovudsak på merking av dyr på Hardangervidda og i Nordfjella (tabell 10 og 11) og kostnader knytt til utplassering, drift og innhenting av teljarar og svarkasser i ferdselsprosjektet (tabell 12). I 2017 er merkeutgiftene totalt sett store både på Hardangervidda og i Nordfjella, men ein har fått mange merkte dyr for pengane.

Tabell 10: Direktekostnader og timekostnadar for hovudprosjektet på Hardangervidda (delprosjekt 1) i 2017. Kostnadene knyter seg i hovudsak til merking og diverse innkjøpt utstyr.

Hardangervidda 12473000	Utgifter:
Direkte kostnader:	
Husleie/bokostnader	3 920
Tele- og datakostnader	0
Anskaffelsar, diverse feltutstyr	55 660
Eksterne tenestar, inkl leige av helikoter	199 920
Reise og møtekostnader	12 336
Sum direktekostnader	271 835
Timekostnader:	Timar:
Roger Meås	1
Olav Strand	22,5
Roy Andersen	80,5
Sum timekostnader:	116 338
SUM PROSJEKTKOSTNADAR:	388 173

I Nordfjella blei merkekostnadane noko høgare enn normalt (tabell 11) og betydeleg høgare enn på Hardangervidda same året. Bakgrunnen for dette var mellom anna at det blei bruka meir tid per dyr, og venting som følgje av dårleg ver under merkinga. Ein såg det likevel som viktig å få instrumentert tilstrekkeleg tal dyr som ein del av handteringa av CWD-problemet i området. I tillegg blei det ein auka kostnad ved at ein i Nordfjella er gått over til å nytte satellittsendarar, som sender GPS-posisjonen via

NVS RAPPORT 22/2018

satellitt, framfor GSM-systemet som det har vore til no. Grunnen til dette er at det er relativt store areal i Nordfjella som er utan mobildekning.

Tabell 11: Direktekostnader og timekostnadar for delprosjektet i Nordfjella (arbeidsgruppe 2) Kraft og anlegg i Nordfjella) i 2017. Størstedelen av kostnadane i 2017 er relatert til instrumentering av villrein.

Nordfjella 12473010	Utgifter:
Direkte kostnader:	
Tele- og datakostnadar	6 185
Elektronisk utstyr m.m.	84 828
Annet vitenskapelig / teknisk utstyr	4 997
Diverse feltmateriell	34 828
Verneutstyr	35 185
Porto	136
Leige av transportmidlar, inkl helikopter	217 357
Godtgjering sjølvstendig næringsdrivande	12 400
Veterinærtenester	132 225
Fjernleverbare tenester, levert frå utlandet	4 979
Arbeid utført av andre samarbeidspartar	24 675
Andre eksterne tenester	29 049
Reise- og møtekostnadar	13 199
Løn og sosiale kostnadar	8 731
Sum direktekostnader	608 774
Timekostnader:	Timar:
Roy Andersen	150
Sum timekostnadar:	160 500
SUM PROSJEKTKOSTNADAR:	769 274

På ferdselsprosjektet (som starta så smått i 2016) er det driftsutgifter på kr 392.924,-. Kostnadane er knytt til vedlikehald og klargjering av utstyr (teljarar og svarkasser), samt kostnader til overnatting, reise og kost i samband med feltarbeidet. I tillegg til utgift til helikopterleige (kr 167.670,-), samt timekostnadar for feltarbeidet, planlegging og administrasjon. Hardangervidda er det største området NINA har hatt ferdselsregistreringar i. Det er betydeleg feltarbeid knytt til å oppsøke alle innfallsportane til Hardangervidda, og dette er gjort 5-6 gonger i løpet av sommaren for å sikre god kvalitet på data. SNO har gjennom eigeninnsats og tenestekjøp bidrege stort inn i prosjektet (uspesifisert). Dette er en kostnad som vil bli synleggjort i prosjektet.

Tabell 12: Direktekostnader og timekostnader for delprosjektet med ferdselsundersøkingar (arbeidsgruppe 3) Ferdsl på Hardangervidda) i 2017.

Ferdsl 12473020	Utgifter:
Direkte kostnader:	
Annet vitenskapelig / teknisk utstyr	56 000
Diverse feltmateriell	3 703
Andre fraktkostnader	88 596
Porto	522
Andre kostnader ved leie av transportmidler	5 700
Reparasjoner	39 481
Trykkigskostnader, generelt	14 673
Reisekostnad, innland	1 130
Diettkostnad, oppgavepliktig	20 042
Diettkostnad, skatt og avg.pliktig	17 952
Transportkostnader	85 500
Leiebil inkl. bensin	35 405
Bomvegavgift og ferjeavgift	995
Hotellopphold/ leie av hytte, rorbu osv.	1 697
Bilkostnader egne biler eksterne prosj.	670
Leie av feltutstyr	18 327
Lønn og sos. Kostnader	2 531
Sum direktekostnader	392 924
Timekostnader:	Timar:
Vegard Gundersen	110
Line Camilla Wold	47,5
John Gunnar Dokk	154
Sofie Kjendlie Selvaag	558
Tobias Holter	189
Sum timekostnader:	970 215
SUM PROSJEKTKOSTNADAR:	1 363 139

Oppsummering:

Oppsummeringa (tabell 13) viser inntekter og utgifter for kvart av delprosjekta i 2017. Då ein i 2017 hadde med seg underskot frå oppstarten, med merking og innkjøp av materiell i 2015 og 2016, er nokre av delprosjekta framleis noko i minus. Ein del av dette vil bli justert for med bruk av timetal internt hjå NINA (for ferdselsprosjektet), medan noko blir med inn i 2018 og må justerast inn i løpet av prosjektperioden.

Hovudprosjektet Hardangervidda (som direkte famnar om delprosjekt 1) Overvaking av Rv7 og 4) Regionale planar og fokusområde) hadde med seg eit underskot frå 2016 på kr 303.780. Noko som gjer at resultatet for 2017 er på kr 101.154,- etter at samla inntekter på kr 489.327,- er lagt inn og samla utgifter på kr 388.173 er trekt ifrå (tabell 13). Delprosjekt 2) Kraft og anlegg i Nordfjella, har samla utgifter dette året på kr 769.274 og får dermed eit underskot med seg inn i 2018 på kr 47.713 (tabell 13). Delprosjekt 3) Ferdelskartlegging på Hardangervidda, starta opp i 2016 med kr 100.000,- i inntekt og totalt kr 316.832,- i utgifter, noko som då gav eit samla underskot på minus kr 216.832,- inn i 2017. Dei samla inntektene til dette delprosjektet var i 2017 på kr 1.346.279,-. Utgiftene i 2017 på kr 1.363.139,- gjev med det eit samla negativt resultat for 2017 på kr -16.860,- etter at timebruken i prosjektet for 2017 er justert. Dette vil seie at NINA tok kostnaden til ein del administrative timar i prosjektet.

Det samla resultatet for det overbyggande GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella for 2017, er difor kr 36.581,- (tabell 13).

Tabell 13: Resultat for Hardangervidda (delprosjekt 1 og 4), Nordfjella (delprosjekt 2) og delprosjekt 3) Ferdsel, ved utgangen av 2017. Totalt er balansen for GPS-merkeprosjektet kr 36.581,- ved inngangen til 2018.

	Hardangervidda 12473000	Nordfjella 12473020	Ferdsel 12473030	Totalt
Inntekt	489 327	721 561	1 346 279	2 557 167
Timekostnader	271 835	608 774	970 215	1 850 824
Direkte kostnader	116 338	160 500	392 924	669 762
Resultat 2017	101 154	-47 713	-16 860	36 581

Prosjektaktivitet i 2018

Overvakinga av villreinen i nærleiken til Rv7 held fram, men no med eit midlertidig endra fokus med utgangspunkt i funn av skrantesjuka i Nordfjella. SNO og anna feltpersonell er tett påkopla her.

Revisjonsarbeida på damanlegga til E-Co i Nordfjella held fram, med tett kontakt mellom regulanten, villreinforvaltinga og feltpersonell. Her vil det også bli utarbeidd eit erfaringsnotat som kan vera eit viktig grunnlag for dialogarbeid i komande saker der ein har konflikt mellom omsynet til villrein og andre brukarinteresser. Nytt i Nordfjella no er at dei dyra som no er merka i Sone 2, er såkalla forvaltingsmerking, i regi av Miljødirektoratet og går utanom forskrift for forsøksdyr.

I ferdelsprosjektet er det med hjelp frå SNO og Hardangervidda Fjelloppsyn AS, satt ut ferdselsteljarar (totalt 44 lokalitetar) langs stikka løyper i reinens vinterbeiteområde. Desse samlast inn att i slutten av april. Så langt i 2018 har arbeidsgruppa for dette delprosjektet hatt eitt møte, koordinert med rulleringsmøte for Regional Plan. Her blei det gått igjennom det innsamla materialet så langt, og planane vidare for 2018. Det er også igangsett to ekstra arbeidspakker i dette delprosjektet som bae er relaterte til Rv7. Den eine går på meir finmaska datainnsamling om stiar, tråkk og bruk av desse, ut ifrå vegen

sommarstid. Den andre kartlegg parkerte bilar og ulik slag aktivitet ut ifrå vegen vinterstid, for å få fram eit betre bilete av nokre av dei nye ferdselsformene, som kiting og hundekøyring, både i tid og rom. Det er Statens vegvesen ved hhv. Miljøseksjonen og Nasjonale turistveggar, Miljødirektoratet og Besøksstrategiarbeidet som det er søkt om finansiering av dette.

Regional plan for Hardangervidda er no under rullering. Dette arbeidet hentar mellom anna kunnskap frå ferdselsprosjektet inn i sine delprosjekt i Handlingsprogrammet. Informasjon frå rulleringsarbeidet blir også delt med andre aktuelle aktørar gjennom GPS-prosjektet på villrein på Hardangervidda. Rulleringsarbeidet held også tett kontakt mellom anna med verneområdeforvaltinga som er i gang med utviklinga av ein besøksstrategi for verneområda på Hardangervidda. Det same gjeld arbeidet med oppgradering av nasjonal turistveg over Hardangervidda ved statens vegvesen, for å samle innsatsen om informasjon, kanalisering og tilrettelegging langs Rv7 med omsyn til villreinen.

I 2017 blei også det regionale verdiskapingsprosjektet «Velkommen til villrein fjellet» iverksett. Dette er eit av fleire prosjekt som har fått midlar gjennom Miljødirektoratets verdiskapingsprogram «Villrein fjellet som verdiskaper», og dekkjer hhv Hardangervidda og Nordfjella villreinområde. Dette er eit forprosjekt som skal vera gjennomført i løpet av 2018, og som skal ha avklart ulike aktuelle prosjekt som grunnlag for søknad om hovudprosjekt frå 2019. Dette arbeidet styrast også av Buskerud fylkeskommune (slik som dei regionale planane i området), med innleigd prosjektleiing frå MIMIR.

Arbeidet med oppfølging av merka dyr i felt og CWD har hatt eit stort fokus i 2017. I Nordfjella sone 2 blei saneringa av villreinstamma påbyrja i 2017 og fullført i 2018. Dette arbeidet blei gjennomført av Miljødirektoratet og Mattilsynet. I andre område, som Hardangervidda og Setesdalsheiane, har fokuset vore på å følgje opp merka dyr i felt og ev. ta ut svake dyr, samt fokus på prøveinnsamling frå fallvilt og dyr felt under jakt. Dette arbeidet skjer både i regi av SNO, men også med bruk av NINA sine mannskap. Det vidare arbeidet i Nordfjella vil også dreie seg om å hindre utveksling av rein frå Sone 2, Hardangervidda og Filefjell (tamrein) inn i den no brakklagde Sone1. Dette gjerast ved at ein held fram med overvaking, gjerding og andre aktuelle tiltak. I tillegg blir det viktig framover å arbeide for å ta vare på villreinområdet gjennom brakkleggingsperioden, fram mot reetablering av ei ny frisk villreinstamme i området i framtida. Regional plan har ein veldig viktig funksjon her. Prøveinnsamling frå alle resterande område blir også heilt sentralt her.

Budsjett og søknadar 2018

For 2018 søker prosjektet samla om kr 2.001.000,- (sjå tabell 14) fordelt på dei 5 ulike arbeidsgruppene (sjå vedlegg 1: Søknad Felles 2018).

Søknaden er i hovudsak retta mot deltaking og bidrag inn til Arbeidsgruppe 3) Ferdselskartlegging på Hardangervidda (tabell 12).

NVS RAPPORT 22/2018

Tabell 14: Budsjett for heile prosjektet og alle arbeidsgrupper samla, per år 2017-2021 (revidert for 2018-):

Budsjett alle arbeidsgrupper samla, per år 2017-2021:						
Tema/Arbeidsgr.:	2017	2018	2019	2020	2021	Kommentar/Finansiering
Administrasjon og referansegruppe:	100.000	100.000	100.000	100.000	500.000	Overhead frå alle arbeidsgrupper
1) Overvaking av Rv7:	500.000	500.000	500.000	500.000	500.000	Statens vegvesen
2) Kraft og anlegg i Nordfjella	300.000	55 000 ⁷	55 000	55 000	55 000	Regulantar i Nordfjella
3) Ferdelskartlegging på Hardangervidda (ambisjonsnivå 3)	1.273.000	1.346.000	980.000	-	-	Sjå eige finansieringsforslag
4) Regionale planer og fokusområde:	Eigne midlar gjennom Handlingsprogramma til Regionalplan. Vil delvis kunne inngå i «Arbeidsgruppe 3) Ferdelskartlegging».					
5) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD						
SUM per år:	2.173.000	2.001.000	1.635.000	655.000	1.055.000	

Prosjektet dreg med seg ein balanse frå 2017 på kr. 36.581; fordelt på delprosjekt 2) Kraft og anlegg i Nordfjella med minus kr 47.713,- og delprosjekt 3) Ferdelskartlegging på Hardangervidda med minus kr 16.680,-(tabell 13). Underskotet frå både desse delprosjekta vil bli dekt inn gjennom resten av prosjektperioden.

I 2018 vil det koma ca. kr. 500.000,- frå Statens vegvesen til hovudprosjektet og arbeidsgruppe 1) Overvaking av Rv7, samt at det vidare vil koma bidrag frå regulantane for inneverande år til prosjektet i Nordfjella. Til arbeidsgruppe) Ferdels er det søkt totalt 23 ulike bidragsytarar om totalt kr 1. 345.000,- i 2018 (Vedlegg 1). Dersom søknadane får positive tilsvaer og alle forventa midlar kjem inn i 2018 vil prosjektet samla ha totalt kr 1.937.761 til rådvelde i 2018 (tabell 15). Dette er då kr 63.239,- mindre enn budsjettet (budsjett 2018 er på kr 2.001.000,-; tabell 14) som følgje av underskota i hhv delprosjekt 2) Kraft og anlegg i Nordfjella og delprosjekt 3) Ferdels på Hardangervidda.

Tabell 15: Resultat frå 2017 og forventa inntekt 2018.

	Hardangervidda 12473000	Nordfjella 12473020	Ferdels 12473030	
Resultat 2017	101 154	-47 713	-16 680	36 761
Omsøkt/forventa midlar 2018:	500 000	55 000	1 346 000	1 901 000
Sum disponibelt 2018:	601 154	7 287	1 329 320	1 937 761

⁷ Så sant utgiftene til instrumentering av villrein held fram med å dekkast over budsjettet til CWD-arbeidet i Miljødirektoratet, vil bidraget frå E-Co i hovudsak gå til drifta av arbeidsgruppa til delprosjekt 2) Kraft og anlegg i Nordfjella i åra som kjem.

Merking vinteren 2018

SVV finansierer merking og drift av inntil 20 sendarar samstundes på Hardangervidda. Då det per desember 2017 var 16-17 sendarar i drift, er det ikkje aktuelt å merke meir før vinteren 2019.

I Nordfjella var det i 2018 snakk om å merke 6-7 dyr i Sone 2, inklusiv områda mot Raudafjell. I etterkant av desse planane oppstod det ein uynskt situasjon med ising på sendarane i dette området, og alle desse sendarane måtte tas av eller ev. avlive dyra. I skrivande stund er dette gjennomført. Det same er remerking i regi av Miljødirektoratet gjennom SNO (såkalla forvaltingsmerking), etter § 3, fyrste ledd i Lov om statleg naturoppsyn. Bakteppet for denne ordninga i dette området no er trongen for å kunne overvake dyra i Sone 2 kontinuerleg for å hindre utveksling og mogleg spreiding av CWD frå Sone 1 og ev. inn på Hardangervidda. Sendarane som er sett på i Sone 2 er utbetra med ekstra dropoff-eining, i tillegg er det etablert utvida kontrollrutinar av sendarane i felt.

Prosjektleiinga ser fram til eit særst spanande prosjekt framover, med eit breitt samarbeid med mange viktige bidragsytarar til både areal- og bestandsforvaltninga i fjellområda våre!

Skinnarbu 17.04.17, Lena Romtveit (red.)

Referansar

- Bevanger, K., Falldorf, T. & Strand, O. 2005. Rv7-tunneler på Hardangervidda. Effekter for villrein. NINA Rapport 106. 40 s.
- Fossgaard, K., Gundersen, V. & O. Strand. 2012. Kiterne på Hardangervidda. Villreinen 2012: 38-41
- Romtveit, L. 2010. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2009. NVS RAPPORT 4/2010 14s.
- Romtveit, L. 2011. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2010. NVS RAPPORT 8/2011 16s.
- Romtveit, L. 2012. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2011. NVS RAPPORT 10/2012 17s.
- Romtveit, L. 2013. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2012. NVS RAPPORT 11/2013 17s.
- Romtveit, L. 2014. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2013. NVS RAPPORT 12/2014 19 s.
- Romtveit, L. 2015. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2014. NVS RAPPORT 15/2015 14 s.
- Romtveit, L., Mossing, A. og Strand, O. 2017. GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella: Årsmelding 2016. NVS RAPPORT 20/2017 21 s.
- Strand, O., Bevanger, K. & falldorf, T. 2005. Reinens bruk av Hardangervidda. Sluttrapport fra Rv7-prosjektet. NINA Rapport 131. 67 s.
- Strand, O., Panzacchi, M., Jordhøy, P., Andersen, R., og Bay, L. A. 2011. Villreinens bruk av Setesdalsheiene- Sluttrapport fra GPS merkeprosjektet 2006- 2010. NINA Rapport 694. 145s.
- Strand, O., Jordhøy, P., Panzacchi, M. & Van Moorter, B. 2015. Veger og villrein: Oppsummering – overvåkning av Rv7 over Hardangervidda - NINA Rapport 1121. 47 s. + vedlegg.
- Strand, O. og Nilsen. E. B.. Fragmentering og villrein. NINA temahefte no xx.
- Thomassen, J., Mossing, A. & Romtveit, L. 2017. Lufsjåtangen og villrein. Rapport fra et dialogseminar om villreinens bruk av Lufsjå-tangen på Hardangervidda. - NINA Rapport 1362. 39 s.

Vedlegg

- Vedlegg 1: Søknad felles 2018

ISSN: 1891-5329

Norsk villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk villreinsenter: NO-2661 Hjerkin | Telefon: +47 48 10 10 48

Org.nr: NO 990 697 809 MVA